



Arkivnr: 2016/8534-116
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

TILDELING AV LEDIGE DROSJELØYVE I BERGEN KØYREOMRÅDE FEBRUAR 2017

Samandrag

Ved denne tildelinga er det 3 ledige drosjeløyve. I følgje regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyve 27.02.2017 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 14.09.2016.

Tildelinga skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43-44.

Dei som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektøren sitt vedtak 27.02.2017 må vende seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.

I følgje gjeldane regelverk må søkjar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar før drosjeløyve kan tildelast. Desse må oppfyllest før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn for tildelinga. Dei aktuelle søkjarane for tildeling av løyve har fått melding om at dei må levera inn dokumentasjon i samsvar med gjeldane regelverk.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med reglane i yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport finn fylkesdirektøren å kunne fatta fylgjande

vedtak

Med heimel i yrkestransportlova § 9 jf. Forskrift om yrkestransport §§ 6-8 og §§ 43-44 finn fylkesdirektøren å kunne tildela drosjeløyve:

- 1. R- 690 til Ibryam Kadir**
- 2. R- 728 til Sayed Ahad Shah Hamidi**
- 3. R-1400 til Taha Bilbas**

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy
spesialkonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesdirektør samferdsel, 27.02.2017

1 Samandrag

Ved denne tildelinga er det 3 ledige drosjeløyve. I følgje regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyve 27.02.2017 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 14.09.2016.

2. Lovheimel

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse basiskrava er kumulative, det vil seie at alle må vere oppfylt før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

God vandel skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelsvurdering vert gjort kvart tredje år.

Tilfredsstillande økonomisk evne inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

Tilstrekkeleg fagleg kompetanse inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

Ibryam Kadir har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 3 månader og 7 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Ibryam Kadir har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-690 til Ibryam Kadir.

Sayed Ahad Shah Hamidi har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år og 20 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Sayed Ahad Shah Hamidi har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-728 til Sayed Ahad Shah Hamidi.

Taha Bilbas har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år og 6 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Taha Bilbas har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-1400 til Taha Bilbas.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyva innan **27. mai 2017**

